

Fra: Sveinung Kvamme
Sendt: 21. oktober 2014 08:47
Til: 'fredrik.messel@protectorforsikring.no'
Emne: Skade terapibasseng Radøy

Hei!

Eg viser til melding om at Protector dekkar kostnader ved skade på terapibasseng.

Terapibassenget er ein del av Radøyhallen, og er i utgangspunktet omfatta av reglane om kompensasjon for meriverdiavgift. Men samstundes er det avgrensingar i reglane. I og med at vi leiger ut delar av komplekset i løpet av året, får vi ikkje mva-kompensasjon for den delen av tida anlegget er utleigd, dvs ikkje vert brukt i kommunal verksemd. Denne utleigetida er estimert til 7% på årsbasis. Grunnlaget for mva-kompensasjon vert såleis redusert med 7%.

I samband med utbetaling av erstatningssum, meiner vi såleis at vi også skal ha dekkja den delen av meriverdiavgifta vi ikkje får kompensert. Dette utgjer kr 8.416,- (7% av utrekna mva kr 120.229).

Samla forsikringsutbetaling skal såleis vera kr 489.332.

Beløpet kan utbetalast til konto 3636 07 00776

Med venleg helsing

Sveinung Kvamme

Økonomisjef Radøy kommune

Tlf 5634 9040 Mobil 909 57 578

